



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Att. Kristin Arnestad

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jon Anders Stavang, 5764 3076

## Uttale om Norsk frukt- og bærsepter

På Njøs i Leikanger deler Graminor AS lokale med Norsk Landbruksrådgjeving og Njøs Næringsutvikling AS. Desse bedriftene utgjer det viktigaste kompetansemiljøet for hagebruket i fylket. Saman med aktørane i verdikjeda har dette miljøet bidrege til å løfte Sogn og Fjordane fram til å verte det største fylket i landet innan frukt og bær, rekna etter salsverdi på produkta.

Graminor AS har det nasjonale ansvaret for utvikling av klimatilpassa plantesortar til jord- og hagebruksnæringa, og har no vedteke å flytte jordbærforedlinga til Njøs i Leikanger. Dermed vert all frukt- og bærforedling i Noreg samla på ein stad. Fylkesmannen meiner Sogn og Fjordane kan vere svært stolt over å få eit nasjonalt kompetansemiljø med ansvar for sortsutvikling av hagebruksvekstar.

Når fordelinga vert samla på Njøs, skal det etablerast eit eige driftsselskap kalla Norsk Frukt- og bærsepter som skal levere foredlingstenestene til Graminor. Njøs næringsutvikling vil verte ein del av det nye selskapet. I tillegg skal det opprettast eit eige domsselskap som skal kjøpe eige dommen på Njøs frå Bjørke eige dom AS. Med større oppgåver fylgjer behov for oppgradering og fornying av infrastruktur, instrumentering og utvikling av kompetanse.

Kompetansearbeidsplassar innan landbruk er særleg viktig i vårt fylke for å sikre ei levande og nyskapande næring, og å oppretthalde busetting og verdiskaping. Saman med NIBIO Ullensvang vil Norsk frukt- og bærsepter medverke til å sikre at det nye fylket framleis er den viktigaste frukt- og bærregionen nasjonalt.

Å støtte ei etablering av Norsk- frukt og bærsepter AS vil gjere at fylket får fleire statleg finansierte arbeidsplassar og gje store positive ringverknadar for hagebruksnæringa lokalt, regionalt og nasjonalt, langt utover det årevisse budsjettresultat til selskapet. Vi tilrår difor at Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg økonomisk til å realisere Norsk frukt- og bærsepter.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær (e.f)  
Ass landbruksdirektør

Jon Anders Stavang  
fylkesgartnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*